

DM Vest 2013

PM

Søndag 25. august

Velkommen til ny meisterskapsdag. Dette blir den store stafettdagen.

Heile arrangementet vil skje med start og mål på lørdagens samlingsplass.

Starttider for dei ulike klassar:

Kl. 11.00: H17

Kl 11.10: D17 og D13-16

Kl 11.20: H13-16 og H156

Kl 11.30: D156 og MIX Open

Kl 11.40: D/H11-12

Kart med påtrykt løype vil liggja føre i følgjande målestokk:

A-løyper: 1:7500

B og C og N-løyper i 1:5000

Starten vil gå føre seg på traktorvegen like nedanfor lørdagens innspurt.

Startpost.

Alle stafettløyper og individuelle løyper søndag har startpost, som ligg om lag 400 meter frå start. Det er merka løype til startpost. Etter veksling er det og merka løype til startpost.

Publikumsstrek.

Løparar i løyper på A- og B-nivå vil på kvar etappe passera langs eit publikumsstrek, som er godt synleg frå skråninga ved sida av og ovanfor resultattavla frå lørdagens konkurransar. Etter publikumsposten spring stafettløparane om lag 700 -800 meter før dei kjem inn på arena til veksling.

Veksling

Veksling skjer vis a vis lørdagens måltelt. Kart som skal nyttast av løparar på 2. og 3. etappe er hengt opp på tavle i vekslingssona. Løpar som kjem inn til veksling leverer først frå seg kart han har nytta på sin etappe før han hentar ned frå tavla kartet som lagkameraten skal nytta på neste etappe. Veksling skjer ved at løpar som kjem inn til veksling leverer kartet for neste etappe til lagkameraten/lagvenninna.

Innsamling av kart.

Alle kart tilhøyrande løparar som har sprunge ein etappe eller ei løype, blir inndradd i vekslings-/målområdet. Desse karta kan hentast ut att når konkurransane er over.

Individuelle løyper.

Deltakararar i individuelle konkurransar/løyper søndag får fri start. Desse løparane kan starta mellom kl 10 og kl 10:45 og etter klokka 11.40. Startfunksjonærane ser til at det blir høveleg intervall mellom dei startande.

To båsar ved mål/veksling

Like før mål/veksling vil innløpet dela seg i to båsar. Dei som er ferdig med si løype /sin stafett skal siste biten springa inn i båsen til venstre, medan dei som skal til veksling held til høgre.

Funksjonærane i mål/vekslingsområdet rettleier og tilviser.

Til lukka med ein ny vakker dag i o-løypa.!